



Bjørnar Fløysand
Vestbygdvegen 4
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2674 - 16/23888

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
19.12.2016

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Litlåsvegen Gbnr. 5/10 Fløksand

Administrativt vedtak. Saknr: 434/2016

Saksutgreiing:

Bjørnar Fløysand søker i søknad dagsett 02.11.2016 om løyve til å byggje ein landbruksveg på Gbnr. 5/10 på Fløksand. Det vert søkt om å byggje ein landbruksveg i vegklasse4 på ca. 70 meter med mellom redskapshus og tørkeplass for ved. Vegen vil nyttas som tilkomst til skogteigen. Vegen er tenkt nytta 100 % i skogbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 11,6 daa med eit ståande volum på om lag 100 m³ hogstmoden skog, byggjekostnad er kalkulert til 25.000 kr.

Eigedommen har 135,4 daa skog, 4,1 daa innmarksbeite og 12,8 daa anna areal. Søkjar ynskjer å nytta vegen i samband med uttak av skog og i samband med vedproduksjon. Søkjar driv med vedproduksjon og har anlagt ein tørkeplass for ved. Vegen vil knytte denne saman med redskapshus og vil gjere at det ikkje er trong for å køyre på offentlig i samband med produksjon av ved. Vidare vil søkjar nytta vegen for å få enklare og betre tilkomst til skogteigen.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenninga v vegart il landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen.

Den omsøkte vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv, økonomisk og skånsam måte. For å sikra gode økonomiske villkår i skogbruket er vegar ein viktig

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

måte å sikra lettare transport av tømmeret ut av skogen. Det er viktig at det er gode traser inn og ut for maskiner med og utan lass for å minske slitasje og skadar på terrenget. Å sikre gode moglegheiter for god og effektiv logistikk er viktig i skogbruket. Vidare er det positivt at vegen vil redusera køyring på offentleg veg med maskiner og utstyr. Søkjar har opparbeide ein tørkeplass, men for å kunne komme til denne og skogteigen må han ut på fylkesvegen. Det vil vere positivt med mindre køyring på offentleg veg av omsyn til trafikksikkerhet, men samstundes vil dette også redusera køyrelengde til tørkeplass og tilgangen til skogteigen.

Ein veg er også eit viktig element i samband med skjøtsel av skogen. Ein sparer tid og kostnader med ein enkel tilgang til skogareala ved utføring av skogskjøtsel. Etter forynging eller hogst er det trong for ulike skjøtselstiltak i skogen, mellom om anna ungskogpleie/avstandsregulering. Dette er eit viktig tiltak for å sikre ein god kvalitet på framtidig trevirke, samstundes som det er eit viktig tiltak for å sikre ein meir stormsterk skog.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen motsegn mot vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Kommunen har etter gjennomgang av artskart og naturbase ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området jf. § 8. Det er registrert fleire fugleartar i nærleiken, kor sjørre er ein av de . Sjørre står på norsk raudliste som sårbar (VU). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Administrasjon meiner at vegen ikkje vil påverka sjørren som registrert i nærleiken. Registreringa er plassert i eit lite bustadområde i nærleiken til vegen. Det er aktivitet i området, og det er også mogleg at registreringa av sjørre ikkje er helt presist kartfestet. Administrasjonen meiner at den planlagde vegen ikkje vil være i konflikt med funnet av sjørre. Aktiviteten som vegen skal nyttast til vert gjort i dag, og det er mykje aktivitet i område som følgje av bustadhusa. Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid, og det er ikkje ein endring av aktivitet som gjørast i område i dag. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka.

Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gi løyve til bygging av den omsøkte landbruksvegen. Det er administrasjonen si meining at vegen vil vere viktig for god og kostnadseffektiv drift av skogen ved ein enklare tilkomst. Vidare vil det positivt med mindre køyring med lass og utstyr på

offentleg veg. Både ved uttak av skog, men også ved forynging og framtidig skjøtsel av skogen vil vegen vere eit bidrag til betre økonomi, mindre tidsbruk og lettare tilkomst.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av skogsvegen Litlåsvegen på gbnr. 5/10 Fløksand. Landbruksvegen skal byggast i vegklasse 4, i lengde ca. 70 meter og alt som nyanlegg.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 4 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
3. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 31.12.2019.
4. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart

Mottakere:
Bjørnar Fløysand

Vestbygdvegen 4 5918

FREKHAUG

